BYGDELAGET SUNNHORDLENDINGEN 1919—1969

1969

H. J. RISAN ETTF.

Føreord

På årsmøtet i Sunnhordlendingen i 1967 vart det valt ei tremannsnemnd til å få i stand eit 50-års skrift om Sunnhordlendingen og elles ta seg av jubileumshøgtida i 1969. Desse vart valde: Per Ivarsøy, Hjalmar Tvedt, Anders Valvatne. Nemnda valde Per Ivarsøy til formann, Hjalmar Tvedt til kasserar og Anders Valvatne til redaktør.

Redaktøren har skrive det meste av dette skriftet på grunnlag av møtebøker, arkivstoff og bladstykke, men har hatt god hjelp av eit oversyn overlærar Sørfonden skreiv for ti år sidan og ei utgreiing av Petter Ersvær om hytta på Kvamskogen.

Skipinga av „Søndhordlandslaget"

I midten av januar 1919 kunne ein lesa i avisene i Bergen denne lysinga: «*Søndhordlændinger!* Fredag 24. ds. kl. 8 aften holder professor Torleiv Hannaas foredrag i Haandverkerforeningens lille sal — Domkirkegaten 4 — over emnet: «Folkediktning i Sunnhordland.»

Efter foredraget forhandling om stiftelse av et Søndhordlandslag for Bergen og omegn. Alle Søndhordlændinger hjertelig velkommen.»

Møtet kom i stand. Det vart samrøystes vedteke at laget skulle skipast. Heile 84 medlemmer skreiv seg inn.

Det eigentlege skipingsmøtet vart halde ei veke seinare, 31. januar 1919, på same staden med lærar B. Sørfonden som møtestyrar. Det vart vedteke lover og valt styre.

Om det som gjekk føre desse to møta og det som hende på dei, skal vi la den drivande krafta bak skipinga, lærar (seinare overlærar) B. Sørfonden, fortelja:

«I 1906 fikk jeg ansettelse som lærer i Bergen og overtok stillingen utpå høsten samme år.

Fra før hadde jeg under reiser fått litt kjennskap til byen, men dette var hverken inngående eller egentlig så strålende. Som lærer ble det selvsagt min første plikt å sette meg inn i mitt spesielle arbeide, og herunder lærte jeg de forskjellige hjem å kjenne. Og etter hvert utvidedes så kjennskapet til byens befolkning, de forskjellige stender, livssyn, samfundssyn og spesielle forhold, og så forskjellig disse kunne arte seg, var der en ting som tydelig sprang frem: Byens befolkning var delt i to skarpt adskilte kategorier: de innfødte og de innflyttede.

De innfødte holdt fast på at byen alltid hadde vært «nokke for seg sjøl» og skulle vedbli å være det. Det var således ikke lett å være innflytter. Lettere ble det heller ikke da en del som opposisjon samlet seg i egne lag og forlangte bygdemiljø og bygdemål opprettholdt i byen. Og noe som gjorde innflytternes tilværelse enda mindre hyggelig var at de også mistet kontakten med hjembygdene. De hadde likesom ikke fotfeste noe sted. Opposisjonen hjalp selvsagt ikke, gjorde heller, som en måtte vente, skillet enda dypere. Enkelte meldte seg inn i frikirkelige forsamlinger, politiske lag eller steder hvor de i det hele kunne finne et nogenlunde fast holdepunkt for sin tilværelse. Mange tålte ikke påkjenningen, og gav opp.

Disse forhold som var nedarvet gjennom hundrer av år, var just ikke lette å snu på. Men etter hvert begyndte tidsforholdene å forandre seg. Dampmaskinen kom, og det gamle system med seil og robåter ble ombyttet med dampbåter. Trafikken mellom land og by øktes, handel og vandel tiltok, likesom kjennskapet mellom byfolk og landsfolk utvidedes sammen med forståelsen av at de i grunnen trengte hverandre. Mangen en innflytter hadde nok speidet etter en utvei bort fra skillet mellom by og land, men alltid funnet veien stengt. Også en del av oss Søndhordlendinger hadde snakket om det, og nå fant vi tiden inne til å gjøre et forsøk. Vi skulle starte et lag som skulle hjelpe til med å øke farten fram mot full forståelse mellom land og by. Her manglet ennu meget på at så var tilfelle, derfor måtte alt gjøres for å nå dette mål.

Vårt lag skulle arbeide for full forståelse mellom byen og innflytterne, at kontakten mellom utflytterne og hjembygdene måtte fornyes, samtidig med at laget skulle være en hyggeplass for medlemmene.

Og vi gikk i gang.

Innkalte til å begynne med et møte for søndhordlendinger, og der møtte overraskende mange, men etter at vår plan var fremlagt, viste det seg at forståelsen manglet hos mange. De mente nok at et lag kunne være bra å ha, men om formålsplanen var der uenighet. En kunne ikke forstå vitsen med et arbeide slik vi hadde tenkt oss det. Det måtte være ganske andre ting arbeidet skulle omfatte, f. eks. avholdssaken, misjonssaken, målsaken eller andre saker som var oppe i tiden. Møtet endte dog med å bestemme at et lag skulle stiftes med det formål vi hadde framlagt, og at der snarest skulle innkalles til nytt møte der laget skulle konstitueres.

Det nye møte ble avertert, og der møtte adskillig fler enn første gang,

men de som var uenige sist, møtte ikke og heller ikke senere. Det ble så bestemt at laget skulle settes ut i livet under navn av

Søndhordlandslaget

og at medlemmene skulle være søndhordlendinger eller gifte med søndhordlendinger. Et andragende fra folk fra Midthordland om å få være med ble forkastet.

Når det gjaldt språksaken ble det bestemt at medlemmene skulle stå fritt. Ingen skulle være avhengig av det målføre han sympatiserte med. Denne bestemmelse vakte ikke så liten motstand, idet en del mente at målsaken skulle inngå som ledd i lagets arbeide som bygdelag, og nøyaktig det samme var tilfelle når det gjaldt avholdssaken.

Utenom dette å skape kontakt med byen på den ene side og bygdene på den annen side skulle hver især stå fritt. Når lagets mål var nådd, kunne en jo eventuelt oppta andre formål som arbeidsfelt.

Vedtakene om mål og avhold kom forøvrig senere til å volde laget en del møye.

Styret kom til å bestå av Sørfonden som formann, grosserer H. Sæbø, fru Sæbø, løytnant Harald Wee, og frk. Ragnhild Hovland. Endelig ble det bestemt at laget skulle holde en større stiftetlsesfest.

Denne ble også holdt med pomp og prakt i Håndverks- og Industriforeningens festsal den.22. mars 1919. 88 gjester deltok, og B Sørfonden holdt festtalen. Det ble en hyggekveld som spådde godt for laget. Bare avholdsmennene anket over at der ble servert øl til maten.



B. Sørfonden,
form. 1919—23
og 1926—30.



Harald Wee,
form. 1923—26
og 1930—38.



Ole Sæbø,
form. 1938—49.



Knut Brattebø,
form. 1949—52.



Kåre Utåker,
form. 1952—54.



Thorvald Holmedal,
form. 1954—56.



Per Ivarsøy,
form. 1956—58.

Søndhordlandslaget frå 1919 til 1938

I denne tidbolken var det to menn som byttest om å vera formenn, B. Sørfonden 1919—1923 og 1926—1930, og Harald Wee 1923—1926 og 1930—1938. Dei var båe med i laget frå byrjinga av og arbeidde mykje saman. Dei var med og skapte ånda og tonen i laget, og det høver difor best å sjå tidbolken under eitt.

Som vi har sett, skulle laget ha eit trefaldig føremål: Knyta innflyttarar og byfolk saman, fremja sambandet mellom utflyttarane og heimbygdene, skapa hygge mellom medlemmene.

Den fyrste av desse oppgåvene, byen og innflyttarane, freista dei å løysa med talar om Bergen på festane og foredrag om byen i gammal og nyare tid. Framståande menn held foredrag, t. d. skuleinspektør Greve om by og land, rektor og ordførar Stensaker: «En tur gjennom Bergen i middelalderen», lærar Askeland: «Slaget på Bergens våg i 1665». Dessutan er det ein viss bytone over mange tilskipingar, særleg festane. Og endeleg er det bokmålet som har fremste rommet i denne tidbolken. Lovene er på bokmål, alle referat og for det meste lagsavisa er på dette målet. Visst nok var det vedteke at laget skulle vera nøytralt i målspørsmålet, og nokre målmenn mellom medlemmene, som lærar Omvik og ingeniør Tveit, er mellom dei mest aktive i laget. Likevel er det bokmålet som stort sett rår grunnen.

Oppgåve nummer to, sambandet med heimbygdene, var sjølvsagt det viktigaste og kom til uttrykk alt på fyrste møtet med foredrag av professor Hannås om Folkedikting i Sunnhordland. Elles er det ein tale for Sunnhordland mest på kvar fest og ei lang rad med foredrag på lagsmøta med

emne knytte til Sunnhordland. Det kan gjelda soge og historiske og kjende personar, natur og folkeliv. Vi skal nemna nokre av desse emna: Lærar O Omvik: Jens Tvedt, lærar A. Næss: En bekjendt søndhordlænding, Kristoffer Rustung; lærar Næss: Håkon den gode, oberst Wahl: Søndhordlendingenes deltagelse i kampen mot Karl XII, kyrkjesongar Fosse: Gravhauger og Helleristninger i Etne og Erling Skakke, lærar Sørfonden: Forholdene i Sunnhordlandsbygdene som de er i dag, overlærar Omvik: Gildet på Onarheim, pastor Wee: Blant sunnhordlendinger i Amerika. Dei fekk i stand ein lysbiletekveld med foredrag og bilete frå førti ulike stader i Sunnhordland.

Eit ønske kjem ofte fram på lagsmøta. Det er å få i stand utferder til bygdene i Sunnhordland. Dei arbeidde mykje med dette, men greidde berre å få i stand *ein* tur. Ein gråverssundag i juni 1927 dreg dei av stad til Rosendal og Uskedalen med D/S Hardangerfjord, i alt 200 menneske med Åsane musikklag til å liva seg opp. Ein gild tur trass i gråveret, seier referenten.

Eit anna tiltak som og var tenkt til å knyta laget og bygdene saman, var ei premietevling om den beste sunnhordlandssongen. Ei domsnemnd der bibliotekar Smith, bladstyrar Joleik og skuleinspektør Greve var med, vurderte dei innkomne songane, og utfallet vart kunngjort 26/10 1926: 1. pr. Sørfonden: Blide bygder. 2. pr. a) Aasm. Rørvik, Husnes: Sunnhordland. 2. pr. b) Mikkjel Lønning, Stord: Sunnhordland. 3. Heiderleg omtale: H. J. Alne: Til Søndhordland.

Ei oppgåve laget arbeidde for i denne tida og ytte pengehjelp til, var reising av eit Håkonarminne på Fitjar. Likeins valde laget skuleinspektør Greve som utsending til Moster til 900 års jubiléet for Kristendomen i 1924.

Ei oppgåve av reint sosialt slag var den som kvinnelaget tok opp. Alt fyrste året laget var til, vart det skipa ei Kvinneforeining eller eit saumarlag som det også vart kalla. Det skulle skaffa pengar til hjelp for tuberkuløse på bygdene som trong hjelp til opphald på sanatorium eller til å halda fram med kuren etter opphaldet. Bygdene var i denne tida mykje herja av denne sjukdommen. Kvinnene sydde, spøta og broderte og heldt utlodding, og det var ikkje småsummar dei på denne måten fekk inn til hjelp for dei sjuke. Eit oversyn frå åra 1925—30 viser at Kvinnelaget hadde fått inn om lag 5000 kroner og hjelpt 35 sjuke.

Alt fyrste året tok laget opp arbeidet med å skaffa seg eige hus. Dei

la planar om å byggja eit Sunnhordlands hotell i nærleiken av dampskipskaien med høvelege møte- og lagsrom. Dei rekna ut at dei trong minst 200 000 kroner til å setja arbeidet i gang og meinte at ein god del av denne kapitalen måtte kunna skaffast gjennom aksjeteikning av private, bankar, ungdomslag o. l. i Sunnhordlandsbygdene. Dei sende ei mengd med skriv til slike. Og kva vart resultatet? Som Sørfonden sa på eit møte litt bittert: Vi baud fram hjelp til sjuke. Dei tok imot med opne armar. Vi bad om stønad til hus. Vi fekk *eitt* svar. Kven denne eine var, er ikkje opplyst. Men det står i årsmeldinga for 1920 at «fra hr. handelsmand Rydland, Sagvåg, har laget mottatt kr. 100,— som gave.» Så truleg er det han som er den einsame hjelpesmannen.

Laget greidde likevel å samla inn ein god del pengar som vart innsette på konto i Landsbanken. Men banken kom i vanskar, pengane gjekk tapt, og dermed var det slutt med draumen om eige hus. Bygdelagsnemndi, som er eit fellesorgan for bygdelaga i Bergen, har dei siste åra arbeiddt med tanken om å reisa eit sams hus for laga i byen.

Det tredje føremålet laget hadde, var å skapa hygge mellom medlemmene. Hygge kan skapast på så mange vis. Og helst bør alt eit lag driv med, vera til hugnad. Men særleg er det festane som har denne oppgåva. Og festar hadde laget mange av. Dei hadde tre hovudfestar i mange år framover. Det var årsfest tidleg på året, 17. mai-fest og juletrefest for born og vaksne. Dessutan var det mange andre festar: samlingsfest om hausten, korgfestar, ungdomsfestar, kvinnelagsfestar og andre. Og dertil gjerne ein svingom på lagsmøta. Det møtte vanlegvis mange fram til festane. Om ein juletrefest i 1924 heiter det at det fyrst var 75 born og etterpå 180 vaksne, «vesentlig ungdommer av et meget godt utseende og beskjeden fremtreden». Betre kan vel ikkje bygdeungdom på juletrefest karakteriserast. Og det fortel og at det var trong for slike tilstellingar.

Særleg to av festane, årsfesten og 17. mai-festen, gjekk etter eit visst bymønster. Lat oss sjå litt på ein slik fest, som også har ei viss interesse av andre grunnar.

Det er årsfest på hotell Transatlantic den 23. februar 1924. Ca. 80 gjester er til stades. «Presis kl. 9.30 tok man plass ved de festlig dækkede borde til tonerne fra piano og mandolin.» Velkomsttale av komitéformannen Oscar Olsen. «En fortrinlig prolog» skriven av lærar Sørfonden og opplesen av frk. Myklebust. Songen «Eg veit ei bygd i Sunnhordland». Mat: «Stek av okse og svin med behørige stuinger med herlig karamel-

pudding.» Ved desserten festtale av Sørfonden. Song: «Hvor brede bygder skinner.» Oscar Olsen: tale for fedrelandet. «Ja, vi elsker». Kjøpmann H. Sæbø tala for kongen og minte om at kronprinsen som eigar av «Solstråleøen» var sunnhordlending. Kongesongen. Harald Wee tala for Bergen. Bergenssongen. Tale for kvinna av Kr. Steffensen. Songen: «Vi har sagt det så tidt og du vet det så godt, du er mægtig du kvinde i nord.» Men så — «presis kl. $^1/_2$12 blev talernes række avbrudt», og ei historisk hending skjer: «Hotellets trådløse mottagerapparat blev satt i funktion og man kunde umiddelbart derefter nyte orkestermusikken i London pr. trådløs. Der blev spillet tre forskjellige numre, hvorav spesielt de to siste var meget bra. Så langt er vi altså komne i Søndhordlandslaget!» Etterpå er det ein ny talar, frk. Myklebust med «en versifiseret tale til mandens pris efterfulgt av en tidig sang forfattet av fru Lina Sandvold.» Men før dei reiser seg frå bordet, har «den altid våkne og oppfinnsome formand (Wee) nok en overraskelse.» Det er utdeling av ordenar til fortente medlemmer. Vi skal nemna to av desse. «Lærar B. Sørfonden utnævntes til ridder av den blå stjerneorden» for sin store innsats i laget og for «sin tålmodighet under de stadige skjærmydsler som fant sted på grund av de forskjellige sprogs og gemytters sammenblanding.» Og skuleinspektør Einar Greve, «utnævntes til kommandør av den grønne stjerneorden for store tjenester vedkommende lagets ve og vel på mange måter og i særdeleshet for sin indsats i kampen for lagets selvstendighet og frigjørelsesværket av 6. februar 1923.» — Greve takkar for maten, og sidan er det song, musikk, kaffi og dans til frampå dei små timane, som kunne vara både til kl. 3, 4 og 5 på desse festane.

Dette referatet skulle gje eit bra inntrykk av ånda og tonen i laget på denne tida. Mange er med og yter sitt tilskot til underholdninga både på vers og prosa, og alle er medlemmer. I samband med dei to ordensutdelingane er det nemnt «skjærmydsler» og «frigjørelsesværket av 6. februar 1923». Og dette fører oss inn på eit kapittel i laget si soge som vi kunne kalla:

Målstrid og skiping av Sunnhordlandslaget

Då dei drøfte Språknemnda i Stortinget i 1951, sa Moseid at målstriden hadde ført til «et dyptgående skille i folkefellesskapet». Og det er vel berre så altfor sant. Nøytralitetslina er ofte vanskeleg og tungvinn å praktisera. At det måtte bli spenning mellom dei to målformene i Søndhordlandslaget, var heilt naturleg. Dei som gjorde opptaket til laget, var, dei fleste, oppvaksne i bokmålstradisjonen. Dei to formennene, Sørfonden og Wee, var båe fødde i 1870-åra, og Greve, som var svært aktiv i laget og dertil ein førande stridsmann for bokmålet, var fødd i 1866. Og ein må hugsa på at det var fyrst etter 1892 at det var lov å nytta nynorsk som skriftleg opplæringsmål i folkeskulen. Bokmålet var difor det naturlege uttrykksmiddelet for desse. På den andre sida var det ein god del målfolk, og fleire vart det etter kvart.

Alt på skipingsmøtet kom den fyrste «skjærmydsel». Framlegget til lover var på bokmål, og det kom framlegg om at lovene også måtte skrivast på nynorsk eller sunnhordlandsmål. Dette førte til ein kvass ordstrid, men det enda med at framlegget vart nedrøysta mot 5 røyster. Den neste større holmgangen i målspørsmålet var 17. september 1920. Då drøfte dei eit skriv frå Vestlandske Mållag som ynskte at Søndhordlandslaget skulle melda seg inn i mållaget og såleis vera med og stø målarbeidet. Det vart eit langt og heller kvast ordskifte om dette. Rett mange målfolk stod fram og sa dei hadde samhug med tanken, men sidan det ville vera eit brot på nøytralitetslina og skapa kløyving og utrivnad i laget, røysta dei fleste mot innmelding. Ved endeleg avrøysting var 39 mot og 7 for innmelding.

Så var det tolleg fredeleg på målfronten i fleire år framover til sjølve storslaget kom den 6. februar 1923. Politibetjent Myklebust hadde gjort framlegg om at laget burde skifta namn og kalla seg Sunnhordlandslaget i samsvar med at styremaktene no hadde fastsett at Sunnhordland skulle vera det offisielle namnet på landsdelen. Det er ikkje noko detaljert referat frå møtet. Det står berre: «Efter en lang og til dels livlig debatt hvorunder flere hadde ordet blev det med 35 mot 23 stemmer vedtatt at denne sak var en lovsak (og såleis ikkje kunne avgjerast på dette møtet). Derefter (merkeleg nok) mot 10 stemmer at laget skulle beholde sitt gamle navn.»

Men debatten var nok ikkje berre «livleg». I Gula Tidend står det at det var «eit veldugt ordskifte, store samanstøyt og uppvask millom dei tvo meiningarne om styresmåten i laget.» Og ein av målmennene, ingeniør Tveit, skreiv i ein artikkel i bladet Sunnhordland at dei vart møtte med eit så hardt åtak frå bokmålsfolket at det var uråd å stå som medlemmer etter dei harde orda som fall. Og det tykte han var ille, for han hadde lika seg i laget. Ein arg «søndhordlending» skreiv i Bergens Tidende at dei mest indignerte målfolka «forlot møtet under flyvende faner og klingende spill» og truga med å skipa eit nytt lag. Og, skreiv han vidare, «når man nu i det gode gamle Søndhordlandslag er blitt disse mennesker kvitt, skulde der i grunden være grund til at glæde sig derover.»

Ein kan undra seg over at tonen vart så beisk mellom lagsfolk som etter alt å døma hadde arbeidt godt saman i mange år. Det er vel fleire grunnar. Målordskifte gjer gjerne folk heite. Og så hadde bokmålsflokken ein uvanleg ordhag og dugande talsmann i skuleinspektør Greve. Som vi har sett, fekk han ein orden for sin innsats for «frigjørelsesverket».

Om skuleinspektør Greve skriv Olav Hoprekstad i 50-års soga til Ervingen: «Av ein eller annan grunn hadde han etter som han vart noko eldre fenge ein sterk mothug mot nynorsk og dei i byen som var målmenn — —. I grunnen var det ulikt denne mannen å bera på mothug. Som skuleinspektør var han ofte romsynt, godviljande og ein human mann å koma til.»

I Søndhordlandslaget gjorde han på mange måtar eit verdfullt arbeid. Han var ein fengjande talar, åndfull og vittig, og hadde lett for å riva folk med seg. Han var kunnskapsrik og heldt eit utal med talar og foredrag om ulike emne, innleidde til ordskifte og var i det heile ei kraft i laget.

«Lykkelig det lag som har slike medlemmer i sin midte», heiter det i eit referat.

Men kom ein inn på mål- eller særnasjonale spørsmål, var han strengt konservativ bokmålsmann. Han vart i 1919 formann i det nyskipa Riksmålsvernet, og det kan vel ha spela ei viss rolle for målsynet hans. I laget tala han mot lysing i Gula Tidend, mot skifte av namn på byane og mot innblanding i Grønlands-spørsmålet. Dette siste spørsmålet var brennaktuelt i fyrstninga av 1920-åra, og lag etter lag og organisasjonar av ymse slag sende inn resolusjonar til styresmaktene om ikkje å godkjenna Danmarks overhøgd over Grønland. I 1923 heldt tollkontrollør Niels Emil Aall foredrag i laget om Grønland historisk og politisk, og la fram ein resolusjon til styresmaktene som han ville laget skulle vedta. Greve tok sterkt til motmæle og hevda at dette var ei sak for styresmaktene og ikkje dei einskilde laga, og resolusjonen vart nedrøysta mot ei røyst.

Etter det stormfulle møtet 6. februar 1923 melde mange målmenn seg ut, mellom dei to medlemmer av styret, Heggland og Roaldstveit, og skipa Sunnhordlandslaget 9. mars same året med lærar O. Omvik som formann. Føremålsparagrafen til det nye laget lydde slik: «På norsk målgrunn vil laget arbeida til styrkjing av sambandet og samkjensla millom sunnhordlendingarne i byen og dei i heimbygdene, auka kjennskapen til gamle kulturminne, ætt, sed og skikk i Sunnhordland og samla sunnhordlandsungdom i byen til ideelt og nasjonalt ungdomsarbeid.» Med om lag 50 medlemmer gjekk så laget i gang med arbeidet på dette grunnlaget og heldt fram til krigen kom.

Det gamle Søndhordlandslaget heldt fram som før etter skiljet. Dei hadde alt tidleg skipa ein «dramatisk klubb» og freista med eit songlag og ein leikarring. Men det gjekk heller trått. Ein to-tre leikframsyningar, nokre få songnummer og tre spelstykke var det heile. Det var fyrst etter krigen at desse laga fekk eit større liv. Likeins var det med lagsbladet «Søndhordlendingen». Det kom med lange mellomrom og etter stadige purringar dei fyrste fem-seks åra. I 1925 sovna det stille inn og dukka ikkje fram att før i 1947. Men lagsverksemda elles var livleg nok. Medlemstalet varierte mellom 150 og 100 til fram motslutten av 20-åra. Då fall det brått til 40—50 i fleire år framover. I 1929 kunne dei ikkje halda 10-årsfest ,for det var for liten tilslutnad. Leiarane i laget var pessimistiske og tala om «møtetretthet» og tenkte på at dei kanskje måtte leggja laget ned. Dei vedtok at i tilfelle nedlegging skulle kvinnelaget få

rådvelde over dei midlane laget åtte. Denne nedgangen i lagsinteressa kring 1930 og nokre år framover har visseleg samanheng med tilstandet i landet elles. Dei illgjetne tretti-åra med si store arbeidsløyse og stagnasjon på alle område i samfunnslivet er velkjende nok. Fram mot slutten av denne tidbolken auka interessa på att. Mange yngre melde seg inn, og med dei kom ei aukande interesse for nynorsk i laget. Dei nye som kom med, hadde så å seia alle hatt nynorsk-opplæring i folkeskulen, og mange hadde gått folkehøgskulen.

Det er ikkje lett å sameina det som ein gong er skilt. Det fortel soga til Ervingen og Bondeungdomslaget tydeleg nok. Enno no over femti år etter skilsmålet sigler dei framleis i kvar sin halvstore båt i staden for å samla seg i *ein* stor båt, endå dei styrer plent mot same mål. Likeins var det med dei to sunnhordlandslaga, endå om grunnen til skilsmålet her stakk djupare. Alt hausten 1923 slo Sørfonden varsamt frampå om kontakt og tilnærming mellom dei to laga, men møtte sterk motbør i Søndhordlandslaget, ikkje minst frå Greve. I mars 1928 var det eit sam-møte mellom laga til inntekt for dei skadelidne etter skred- og flaumskadar i Matre. Det var godt frammøte frå båe laga, god stemning og samkjensle, «intet nag», og fleire tala for samling. Likevel går det ti år før noko tiltak vart gjort i den lei. I 1938 vart det sett ned ei tremannsnemnd frå kvart av laga til å drøfta samlingsspørsmålet. Frå Søndhordlandslaget møtte skuleinspektør Greve, revisor Ole Sæbø og fru Lina Sandvold. Sunnhordlandslaget kunne gå med på at lovene vart skrivne på begge mål, men laget kunne ikkje gå med på at det vart lyst i blada på anna enn nynorsk, og dermed stranda denne freistnaden på samling. Etter krigen tok ikkje Sunnhordlandslaget arbeidet opp att, etter di det ikkje lenger var nokon skilnad å tala om mellom dei to laga.

Vi skal til slutt gje ordet til Sørfonden til ei kort skildring av arbeidet i denne bolken: Og så tok selve lagets arbeide til. Styret ble enig om at der burde holdes lagsmøte hver fjortende dag, og programmet for hvert møte måtte være rikt og vekslende så både eldre og yngre kunne finne noe av interesse for seg og bli fast møtende medlemmer. Sang og musikk ble faste poster på programmet. Likeledes et foredrag over emner som vekslet etter vedkommende foredragsholders innstilling. De kunne være religiøse, sosialt pregede, eller omhandle spesielle spørsmål som var oppe i tiden, livet i bygden og i byen osv. Foredragsholdere sto en aldri i bet for, enda de måtte gjøre det gratis. Prester, sakførere, lektorer, vitenskaps-

menn og mange andre gjorde oss tjenesten med glede, og nettopp her kom det laget tilgode at talemålet var fritt. Her skal også nevnes en mann som på mange måter gjorde laget uvurderlige tjenester, nemlig daværende skoleinspektør Einar Greve. Som født Sunnhordlending ble han medlem fra første stund og bisto laget med råd og dåd. Bare en slik ting at da Kringkastingen bad om et kort riss av landsdelen eller distriktet Søndhordland, kunne han i korte trekk gi en glimrende oversikt, noe ingen av oss andre kunne ha maktet, utenom vår egen bygd. Ellers var bygdene ofte på tale særskilt. Blandt medlemmene var der just ingen stortalere. De måtte bokstavelig læres opp. Verste hindringen var tilbakeholdenheten, flauheten. Derfor tok en gjerne diskusjonsmøter iblandt og innimellom mindre fester hvor ofte små selvlagde sanger til bygdenes ære dukket opp og ble sunget og tilbørlig aploudert. I det hele arbeidet laget seg sammen til en interessert og selvhjulpen krets. Og vi i styret fant at vårt opplegg hadde vært vellykket. Medlemstallet steg jevnt og ofte møtte folk fra andre lag som klaget over liten interesse og dårlig frammøte. Særlig var våre fester kjent og godt besøkt.

Når det gjaldt møtelokaler, så hadde vi ikke slike fast, men vi var velkomne igjen både etter møter og fester, for vår opptreden var alltid uklanderlig.

Det kan her høva med eit par ord om dei to formennene, Sørfonden og Wee, endå dei var aktive og trufaste medlemmer lenge etter dette, ja, så lenge dei levde, og dei vart båe gamle menn, Sørfonden over 90 og Wee 74.

Den av dei som ruver mest, når ein reknar med heile medlemstida, er nok Sørfonden. Han var drivkrafta bak skipinga av laget, og når ein ser på den utruleg lange lista av talar, prologar, foredrag, innleiingar til ordskifte, idear og oppgåver han tok opp, verkar det som han var reint usliteleg. Han skapte Søndhordlandslaget, men samstundes skapte han eit forum der han fekk falda seg ut sjølv. Han var ikkje lite av ein diktar. Dei humørfylte prologane hans vart stundom mottekne med «bifaldsstorm». Og han vann fyrste premie for sunnhordlandssongen sin. Men det var vel særleg som talar han merkte seg ut. Sume av talane hans var reine meisterverk, klåre og veldisponerte, alltid med poeng, med noko å bera fram. Han var rik på ord og uttrykk og kunne skifta frå det lentuge og morosame til det saklege og alvorsame og så lyfta seg opp til store lyriske høgder med ei frisk og stemningsfull framføring.

Lat oss sjå på eit lite utdrag av talen hans på innviingsfesten: «Jeg mener at få bygdesammenslutninger har så meget å samle seg om som vi søndhordlendinger. Som de andre bærer vi på utvandrernes minner om stedet hvor vår vugge sto, om tunet hvor barndommens lek foregikk, om haugen hvor utsynet blånet og utfartslengselen skaptes. Men fremfor de andre har vi de egenartede bygdelag der nede, fra dalbygdene der inne til øybygdene der ute. Jeg har sett disse bygdene. Jeg har stått på toppen av Siggen en vakker sommerdag og sett fjellene, øyene, holmene, skjærene, favnet av den dype fjord og de smale sund. Jeg har stått på toppen av Stovegolvsfjellet og har hatt det samme uforglemmelige syn. Jeg har vært langt på vei mot toppen av Melderskinn og sett hvor ganske anderledes avvekslende og livlig alt var derute i seilleden mot der inne i fjorden med de høye fjell. Jeg har stått på skipsdekket ute i Nordsjøen og sett bølgene bruse mot kysten som ville de begrave den lave landstrekning der inne, men holmene og skjærene tok imot og knuste bølgenes makt til skum og sprøyt.»

Mang ein diktar ville nok misunna han denne evna til å gjera landskapet levande for augo våre.

I same talen peikar han og på at Sunnhordland har rike sogeminne og at det er ei oppgåve å gjera denne «sagaskatt» til allemannseige. Og ein må seia at han i eitt tilfelle i høgste grad har vore med på å gjennomføra denne tanken. Og det er når det gjeld reising av eit minnesmerke over Håkon den gode på Fitjar. Denne oppgåva var ei av dei fyrste og den siste han tok opp i laget.

Tanken om å reisa eit slikt Håkonarminne var fyrst teken opp av materialforvaltar ved Stordø Kisgruber, Olav Hanssen, omkring 1920, og det vart sett ned ei nemnd til å arbeida med saka. Sørfonden vart oppglødd for tanken ,og i september 1920 sette han i gang arbeid med å samla inn pengar i Søndhordlandslaget. Men tida gjekk, krigen kom, og det heile sovna inn. I 1950 tok Sørfonden tanken opp på nytt i Sunnhordlendingen, som laget no heitte, og det vart skipa ei Håkonar-nemnd med Sørfonden som formann og Magnus Hardeland som sekretær. Desse to var frå Sunnhordlendingen, men elles var det med to frå Fitjar Ungdomslag og to frå Sunnhordland Musé- og Sogelag. Det 10-år lange arbeidet til nemnda med å planleggja, samla pengar, få styresmaktene med og gjera saka til ei landssak, skal vi ikkje koma inn på her. Men resultatet vart at den 18. juni 1961 vart avduka eit av dei vakraste monu-

ment vi har i landet. Anne Grimdalen har her skapt eit kunstverk som uttrykkjer så mykje både historisk og reint menneskeleg.

Sørfonden døydde hausten 1964 og vart gravlagd på Fitjar kyrkjegard, ikkje så svært mange meter frå minnesmerket over Håkon den gode.

Det kan synast urettvist å skriva om Harald Wee saman med Sørfonden. Vi har ikkje nokon tale frå hans penn å sitera, og heller ikkje kan vi peika på nokor einskild sak han ofra seg for meir enn andre. Han var visseleg ein dugande talar, ein av dei faste talarane på festane, og ein flink forteljar. Han var allsidig interessert og med i alle ordskifte. Men eigentleg foredragshaldar var han vel ikkje. I alle fall finn vi berre eitt fordrag av han, og det var naturleg nok eit militært emne: forsvarsminister Georg Stang. Det var som lags- og møteleiar han merkte seg ut i så mange år. Elskverdig og trufast mot laget i gode og vonde dagar, omgjengeleg som han var, hadde han lett for å samarbeida med andre. Kor vel omtykt han var som lagsleiar, ser ein best av at han i åtte år, år etter år, vart «gjenvalgt med akklamation».

Både Sørfonden og Wee vart utnemnde til heiderlagsmedlemmer i 1949 og 1950.

Sunnhordlendingen frå 1938 til 1942

Sidan det ikkje hadde vore råd å få til samling av dei to sunnhordlandslaga, vart det på årsmøtet i Søndhordlandslaget 24. mars 1938 vedteke å endra namnet på laget til Sunnhordlendingen, slik at førestavinga i namnet kom i samsvar med namnet på landsdelen. Likeins vedtok dei at laget sin lover skulle vera på båe målføre og at styret skulle stå fritt i målspørsmålet, og endeleg valde dei målmannen revisor Ole Sæbø til formann. Det er tydeleg at det no er nynorsk som held på å ta råderommet i laget. Ein ser det og på det at styre- og møteprotokollane, som til denne tid ikkje hadde innehalde eitt nynorsk ord, frå no av vert førte så å seia berre på nynorsk. Det er ikkje så å forstå at dei gamle leiarane som gav ånda og tonen, har svikta laget. Dei er framleis aktive og med, men styringa er lagd i yngre hender.

Elles går arbeidet i laget stort sett som før med lagsmøte og festar. Men det er sjeldnare mellom møta og festane. I 1939, til dømes, er det juletrefest, eit sammøte med dei andre bygdelaga i Hordaland, 20-årsfest og årsmøte. Det er det heile. Grunnen er at laget slit med dårleg økonomi. Det er etter måten få faste medlemmer, og det er vanskeleg å få inn kontingenten. Det kjem nok ein god del folk til festane, men ikkje mange nok til å gje overskot. Det kostar å leiga lokale, og det kostar å tinga talarar og musikk. På årsmøtet i mars 1940, det siste møtet før okkupasjonen, tek dei for seg fattigdommen sin og drøfter korleis dei skal finna på råd til å betra stoda. Den gamle stridsmannen og idealisten Greve hevdar at medlemmene sjølv bør halda foredrag. Då sparer ein pengar. Ein annan av dei gamle, Stople, meiner at laget bør leiga Turnhallen og skipa til dansekveldar. Denne tanken fekk motbør i laget. Eit lag

med ideelle hugmål burde ikkje nytta dansen til å skaffa seg inntekter. Likevel slo denne tanken gjenonm etter krigen, og ein fekk dei såkalla bygdelagskveldane.

Aldri så gale at det ikkje er godt for noko, heiter det. Dei økonomiske vanskane laget hadde i tida føre krigen, vart nytta som eit godt argument av formann og styre då laget vart sett under press av Quislings leigesveinar i 1942.

Som vi har nemnt, meinte Greve at medlemmene sjølv skulle halda foredrag og talar. Og han sjølv var ikkje den minst viljuge i så måte. På eit haustgilde i 1938 heldt han foredrag om det evig aktuelle emnet: Kommunikasjonsmidler i Sunnhordland, med ordskifte etterpå. Han og Sørfonden ville ha snøggare båtar, Wee ville ha betre utbygging av vegane, og Einarson ville ha samarbeid mellom bil og båt. På juletrefesten i 1939 tala Greve om fedrelandet, og formannen, Ole Sæbø, om Sunnhordland.

Eit nytt innslag i lagsarbeidet i denne tidbolken var fellesmøte med dei andre bygdelaga i Hordaland: Hardinglaget, Vossalaget og Nordhordlendingen. Det var to slike, i 1938 og 1939. På det fyrste heldt lærar Tveisme frå Hardinglaget opningstalen. Han sa nokre ord som det kan vera verdt å minnast: Ein bygdeungdom i byen er som eit omplanta tre. Det må vernast om skal det trivast. Her låg den store oppgåva for bygdelaga. Arne Bjørndal tala, spela og song. På det andre møtet var hovudtalaren høgskulemannen Martin Birkeland. Båe desse møta samla mykje folk og bar seg økonomisk og var til stor hugnad.

Vi har nemnt tidlegare at Søndhordlandslaget ikkje kunne halda 10-årsjubileum av di laget var nede i ein bylgjedal. Den 18. mars 1939 heldt Sunnhordlendingen 20-årsfest på hotell Rosenkrantz med god tilslutnad, og dei fleste som var til stades, hadde vore med frå laget vart skipa. J. Sandvoll styrte festen og helsa særskilt velkommen Sørfonden, Wee og fru Sæbø som hadde vore med i det fyrste styret. Dessutan fekk Greve ei særskild helsing som ein av laget sine mest interesserte medlemmer. Greve heldt festtalen, Sørfonden gav eit oversyn over laget sitt arbeid i dei farne tjue åra, O. Sæbø tala for skiparane, Oscar Olsen mintest dei avlidne, Wee tala for fedrelandet, Stople for Bergen, Baugstø for syforeninga, O. Einarson for kvinna, og lektor Guddal takka for maten. Det var dikta songar som vart sungne mellom talane. Som vi ser, var det ein fest i god gammal stil.

Det siste møtet før krigen var årsmøtet i mars 1940 som vi har omtala før. Dei hadde planlagt eit nytt møte til 16. april, men av gode grunnar kom ikkje det i stand.

Eit år gjekk. Då kalla formannen, som framleis var O. Sæbø, inn til årsmøte med festleg samvære den 3. april 1941 på hotell Fønix. Det var eit underleg møte med praktiske lagssaker og gripande talar som tankane på tilstanden i landet og det som hadde hendt, la ein særleg alvorsam dåm over. Styret vart attvalt, og ved bordet tala Wee for vennskapen og bad dei drikka «en vennskapets skål i disse ufredstider». Greve ville «utbringe en skål for bygdene der sør — som i denne stund er i tankene våre». Formannen mintest dei falne i krigen. Det var skikk og bruk å halda ein tale for fedrelandet på festane våre, sa han. «I kveld kan eg ikkje gjera dette utan at me minnest dei som elska landet så høgt at dei gav livet sitt.» Så reiste dei seg og song fedrelandssongen.

Så gjekk det atter eit år. Ved «statsakta» i februar 1942 vart Quisling utnemnd til ministerpresident. Og no tok han til å «nyskipa» landet, mellom anna sende han i mars over 1000 lærarar til Kirkenes, ikkje som kulturberarar, men som fangar. Også dei frie kulturorganisasjonane, som Noregs Ungdomslag, skulle vera med i nyskipnaden. Det kom ei «forordning», og etter den var alle bygdelag og liknande samskipnader tilslutta Noregs Ungdomslag. Ein nyutpeika representant for Noregs Ungdomslag, Dagvald Bakke, melde frå om dette til Sunnhordlendingen og påla laget å ta opp arbeidet. Styret svara at på grunn av den dårlege økonomien i laget kunne dei ikkje gjera det. Etter innkalling til og formaning av herr Bakke forma så styret dette skrivet den 16. april 1942 til Noregs Ungdomslag:

«Etter samrådingi med Dykk den 14. d. m. har me no halde nytt styremøte og dryfta laget si stode.

Styret vart då samde um å halda fast på det standpunktet me tok i skrivet vårt av 31. f. m. at me finn ikkje nokon grunn til å taka uppatt lagsarbeidet.

Me segjer difor frå at me ikkje lenger ynskjer å stå som styre i Sunnhordlendingen.» Heile styret skreiv under.

Og med dette endar soga til Sunnhordlendingen i denne omgangen. Krigen rasar vidare. Mange er med i det farlege spelet, også frå Sunnhordland.

Dei stridest og slåst, dei drep og dei blør
frå Murmansk i nord til Tunis i sør.
Han spreier seg vidt den blodige fest,
frå Volga i aust til havet i vest.
Orkesteret spelar så nifs ein musikk:
Kanonene dundrar, sirenene skrik.
Og koret det syng så stusslege tonar
med jammer og hyl og tel millionar.
Tempoet går i ein rasande fart.
Det spring ifrå bass til kvint og til kvart.
Trommer og tuba, horn og basun,
alt og sopran, dunder og dun,
ein veldig og skakande disharmoni
med brennande byar som fyrverkeri.

Men under all denne vanvitsleik
kunde ein høyra ein tone, frå fyrst av så veik,
just som ei susing før stormen set inn,
ein tone som fengde i tankar og sinn,
som auka og voks med smittande styrkje
og brusa så ut som orgel i kyrkje.
Eit einaste ord bar tonen med,
eit einaste ord, og det var *fred.*

Fred? — Tankar og minne frå gladare dagar
leikar i hugen og trengjer seg fram,
minne om mat og velfylte magar,
surkål med ribbe og øl og dram,
havannasigarar og Teddy og brus.
Kol til å brenna og koks eller ved,
bilar frå Ford og hage med hus,
alt skal du få når det berre vert fred!

Alt? — Det står skrive ein stad i ei utgammal bok:
det gagnar deg lite om all verda du tok
når sjela tek skade og skrøkkjest i hop
og visnar som blom i ei vindherja grop.
Ho visnar og døyr di udøyande sjel
når livet du lever, er liv for ein træl.
Sjel, det er Gudsgneisten i deg, tankar
du tenkjer når einsam du vankar,
som sidan får liv gjennom ånd eller hand.
Kan dette livet vel leggjast i band?

Difor dei stridde mot terror og pansar.
Difor dei døydde på fridomens skansar.
Difor dei trassa mot slag og tortur —
og enden så ofte ein smell mot ein mur.

Og no er det fred.
Vulkanen har roa seg ned
her i vest. Han sprutar derute.
Vi merkar han godt bak vår halvtrygge rute.
Er det ei lov som varer i æva,
at fridom skal døy og kanonene leva?

Sunnhordlendingen frå 1947 til 1956

I den tidbolken som her skal omtalast, var desse formenn: Ole Sæbø (1947—1949), Knut Brattebø (1949—1952), Kåre Utåker (1952—1954), Thorvald Holmedal (1954—1956).

Det var Sørfonden som gjorde opptaket til å få laget i gang att etter krigen. Og det fyrste møtet vart halde i mars 1947 under leiing av den tidlegare formannen Ole Sæbø. Det var heller lite frammøte, men god stemning og god vilje til å ta fatt på nytt.

Etter kvart auka medlemstalet, og i 1948 var det 60—70 lagsfolk. Og på møta og særleg på festane var det mange ikkje-lagsfolk som møtte fram.

I den fyrste tida hadde ikkje laget nokon fast møtestad, men flakka omkring frå Kjøpmannsforeningen til ei rekkje med andre stader: hotell City, hotell Rosenkrantz, Befalslaget, Håndverk og Industriforeningen o. fl. Etter kvart vart Gimle den faste møtestaden. Det kosta å leiga lokale, og laget måtte sjå seg om etter auka inntekter. Den gamle tanken om å skipa til dansekveldar, som hadde vore oppe fleire gonger før, vart no sett ut i livet med dei såkalla bygdelagskveldane i Gimle. Frå 1949 vart det kvart år halde fleire slike kveldar. Dans var hovudposten på programmet, det var tilgjenge for alle, mykje folk møtte, og det kom pengar i kassa.

Det vanlege lagsarbeidet heldt stort sett fram som før krigen med frå 7 til 15 møte for året og dertil 3—4 festar. Om ein ser på fyrste punktet i den gamle føremåls-paragrafen, arbeidet for forståing mellom innflyttarar og byfolk, kom det meir i bakgrunnen. Det er likevel ein to-tre til-

skipingar som kan nemnast i denne samanhengen. I februar 1949 var det møte i Schøttstuene med foredrag av inspektør Lohte om dette gamle kulturminnet frå Bergen og etterpå omvising i den gamle garden. I 1952 var det foredrag med film av bygartnar Aspeseth om parkane i byen.

Ei tilstelling som det ikkje er skrive noko om og som difor må referast etter minnet, vitnar om godt samarbeid mellom byfolk og innflyttarar for ei god sak. Det måtte vera i 1949. Etterdønningane etter storkrigen var enno ikkje over, og i Mellom-Europa var det ein stor flokk forkomne flyktningeborn som trong hjelp. Den energiske og aktive formannen i Sunnhordlendingen, Knut Brattebø, meinte at laget burde gjera ein innsats for å hjelpe og drog rundt i byen for å høyra etter eit høveleg lokale for ei tilskiping. Og lokale kunne han nok få fleire stader, men dei hadde sine faste takstar, og det var fare for at vinninga ville gå opp i spinninga. Vi kom då på at vi skulle spørja fru Schrøeder som disponerte sjølvaste storstova i Bergen, festsalen på Grand. Jau då, salen skulle vi få, og «selvfølgelig gratis», svara ho. Fru Schrøder døydde for kort tid sidan, og ho står i minnet som ei storlyndt og hjartevarm kvinne. Den same godviljen møtte vi hjå dei som vart bedne om å vera med og laga program. Det var eit spelstykke framført av elevar frå Hordaland Gymnas, leikarring frå Nordhordlendingen, ein songar og ei songarinne frå byen, turnoppvisning, opplesing av skodespelar Eilif Armand og meir. Alt vart ytt gratis. Det kom mykje folk, og det kom inn ein god del pengar til denne gode saka.

Bortsett frå slike einskilde spreidde tiltak, var det lite som hadde særskilt med byen å gjera. Nokre av dei gamle var framleis med. Greve heldt sitt siste foredrag i laget i 1947. Han døydde året etter. Sørfonden var trufast i mange år framover med foredrag, talar og prologar. Det gamle bymønsteret på festane kom berre fram ved særskilt høgtidelege høve, målforma gjekk av seg sjølv over til nynorsk, og laget kom heilt på line med dei andre bygdelaga i byen.

Foredrag, talar og dikt om ymse sider ved Sunnhordland var det naturleg nok mange av gjennom heile tidbolken. Såleis tala den kjende sunnhordlendingen Kristofer Sydnes om Sunnhordland i eldre tider, lærar Askeland om Erling Skakke, Meidell-Berge om juleskikkar i Sunnhordland, Henning Henriksen om diktaren Johs. Heggland, Thor Myklebust om Kvinnherad. Dertil kom alle talane på festane.

Ein type foredrag som var mykje omtykt i laget, var reiseskildringar med og utan lysbilete. Det var mange av dei, og vi skal nemna nokre: Knut Brattebø: Ei ferd Bergen—Austlandet—Bergen (m. lysbilete), A. Adriansen: fleire foredrag med lysbilete frå ymse stader i landet, Th. Myklebust: Ei ferd til Sverige, Ivar Eskeland: Ei ferd til Island, Kåre Utåker: Ei natt i Casablanca og dagar i Spania, Thor Myklebust: Tre veker bak jarnteppet.

Dessutan var det ei rad med foredrag om svært ulike emne og nokre ordskiftekveldar.

Den selskapelege sida av lagsverksemda hadde framleis ein brei plass og kunne få mange former. Det var dans på dei fleste møte, song, musikk, opplesing, allsong, korsong, peis- og hyggekveldar med kaffi og skrøner og historier, gissetevlingar, kappeting, kappsying, turnframsyning, sketsjar og spelstykke. Det var festar av ymse slag: pakkefestar, skotårsfestar der særleg kvinnene var aktive, saumarlagsfestar med utlodding, og julefestar som hadde ein meir høgtidsam dåm over seg med gang rundt juletreet og gjerne med ein prest som talar. Lagsbladet «Sunnanvind» kom i gang att. Alt dette var med og skapte trivnad og ein kameratsleg tone i laget.

Det er to trekk i lagsarbeidet ein særleg legg merke til i denne tida. Det eine er at særlagsverksemda får nytt liv, og det andre er eit auka samarbeid med andre lag og samskipnader.

Som det er fortalt før, freista dei med spellag, songlag og leikarring alt i 1920-åra. Men det gjekk heller trått, og dei vart ikkje lenge liv laga. I 1948 kom songlaget i gang att etter opptak av Magnus Hardeland som var den første dirigenten. Etter eit år gjekk dette laget inn i Hordakoret, eit sams lag for dei fire hordalandslaga. Spellaget kom i gang i 1949 og synte fram mange stykke i åra etterpå. Leikarringen vart nyskipa og sette i gang leikskeid. I tillegg til dette vart det skipa skyttarlag og idrottsråd. Og desse laga var med og skipa til tevlingar bygdelaga i mellom. Særlaga auka aktiviteten i lagsflokken og ytte verdfulle tilskot til møteprogramma.

Det samarbeidet som hadde teke til før krigen med sammøte mellom dei fire hordalandslaga, tok seg opp att etter krigen. Utanom Hordakoret vart det tre år på rad frå 1948 skipa til Hordagilde der dei ymse laga byttest om å laga til program. Dei fekk stor tilslutnad og var til stor hugnad.

I 1948 vart laget med i Bygdelagsnemnda, ein samskipnad som skulle

ta seg av oppgåver som var sams for bygdelaga i byen, m. a. arbeida for eit bygdehus og skipa til teatertevlingar. Like eins kom laget med i det no landskjende idrottslaget Gular. I 1950 vart laget innmeldt i Hordalands Ungdomslag og Noregs Ungdomslag. Det var ein del ordskifte seinare om laget hadde noko utbyte av å vera med i N. U. Men eit framlegg om å melda laget ut vart drege attende. Eit anna lag Sunnhordlendingen vart medlem av, var «Folk og Forsvar». Men det viste seg at det var så mange ulike syn på denne organisasjonen — somme likte ikkje NATO, og andre var redde for militarisme — at laget vedtok å melda seg ut i 1952.

Ei anna form for samarbeid laga i mellom som blømde i denne tida, var at dei gjesta kvarandre med program, særleg med skodespel. Såleis var spellaget til Sunnhordlendingen på vitjing hjå Bondeungdomslaget med spelstykket «På Listøl» og hjå Ervingen med «Petter og Inger». Nordhordlendingen gjesta Sunnhordlendingen med «Sovande Sorg», Sunnfjordlaget med «Helten og brotsmannen», Bondeungsdomlaget med «Brennefolket». Dessutan var det sketsjar og talarar i byte mellom dei ymse laga. Det var alltid festleg og hyggeleg med desse kveldane.

I samsvar med den utviklinga som hadde gått for seg innan laget i meir bygdenorsk lei enn før, vart det i 1950 vedteke nye lover. Føremålsparagrafen lyder:

«a) Å fremja kjennskap og venskap mellom sunnhordlendingar som bur i eller ikring Bergen. b) Å spreia opplysingar om den rike kultur- og sogetradisjon i sunnhordlandsbygdene. c) Å vera til hjelp og med råd og rettleiing for unge sunnhordlendingar som flytter inn til byen.

Dessutan heiter det i ein paragraf at dersom laget vert nedlagt, skal det som laget eig, «delast likt mellom Musé- og Sogelaget for Sunnhordlandsbygdene og Sunnhordlands Folkehøgskule.»

Ein ser skilnaden og likskapen mellom dei gamle og dei nye lovene. Dei gamle lovene var på bokmål og førte til målstrid. Dei nye var på nynorsk, men skapte ingen strid om målet.

Det gamle punktet om å arbeida for «full forståelse mellom byen og innflytterne» gjekk ut i dei nye lovene. Og det har si forklaring. Frå 1919 til 1950 gjekk det for seg ei aukande utjamning mellom by og land. Det er som Sørfonden skriv: «— og i byen ble synet på innflytterfolket merkbart forandret etter som tiden og forholdene hadde skiftet.» Han meinte at laget hadde hjelpt til med dette, jamvel om det berre hadde vore «et lite ledd» i prosessen. Og det kan gjerne vera.

Det er likevel slik, kor gjennomfört utjamninga blir, at ei ungjente eller ein unggut som kjem til byen, ofte vil kjenna seg heimlaus og hjelpelaus den fyrste tida. Det nye punktet i lovene om at laget skal ta seg av nykommarar, vil difor alltid vera aktuelt. Ja, det er vel ei av dei viktigaste oppgåvene laget har, å få dei unge til å kjenne seg heime, skaffa dei vener og få dei med i lagsarbeidet.

Dei gamle og dei nye lovene var like i det at dei gjorde tilknytinga til Sunnhordlandsbygdene til eit hovudpunkt. Men dei nye understrekar sterkare dei særlege kulturverdiar bygdene har.

Vi skal til slutt i denne bolken nemna to festar som fekk stor tilslutnad. Det var 30-års festen i 1949 og 35-års festen i 1954. Hovudtalar på båe festane var overlærar Sørfonden som på ein meisterlege måte greidde ut om lagsarbeidet, særleg i den første tida. Han vart elles utnemnd til heidersmedlem på 30-års festen.



Erling Hornenes,
form. 1958—60.



Petter Ersvær,
form. 1960—63.



Askild Ytrenes,
form. 1963—64.



Arnold Kjærefjord,
form. 1964—66.



Kjell Brekke,
form. 1966—67



Lars Olav Tveita,
form. 1967—68.



Olav Fjæra,
form. 1968—

Sunnhordlendingen frå 1956 til 1969

Formenn desse siste tretten åra har vore: Per Ivarsøy (1956—1958), Erling Hornenes (1958—1960), Petter Ersvær (1960—1963), Askild Ytrenes (1963—1964), Arnold Kjærefjord (1964—1966), Kjell Brekke (1966—67), Lars Olav Tveita (1967—1968), Olav Fjæra (1968—).

Året 1956 tok til med juletrefest i Gimle 10. januar. Det var festtale av Sørfonden, julesongar av Hordakoret, utdeling av julegåver av nisse Per Ivarsøy og gang rundt juletreet. Og tidbolken vart slutta av med julegilde i Fensal i desember 1968. Det møtte 75. «Det var lett tidtrøyte med leikar for ein kvar smak. Det vart servert rjomegraut og spekemat, kaffi og kaker. Etterpå var det dans for gamal og ung. Til denne festen hadde ein særskilt bede inn gamle medlemmer i laget. Kanskje for å syna at det enno er liv i Sunnhordlendingen.»

Desse to tilskipingane kan vel stå som ei ramme om arbeidet i Sunnhordlendingen, ikkje berre for den tida vi har føre oss, men for verksemda i laget alt frå første dag. På den eine sida det høgtidsame og alvorsame og på den andre lettare tidtrøyte, skjemt og gaman.

Problemet for lagsleiarane har vore og vil truleg alltid verta å finna ein høveleg balanse mellom alvor og skjemt, mellom arbeid og moro. Blir det for einsidig høgtideleg og stivt, møter ikkje folk fram. Blir det for einsidig lagt vekt på tidtrøyte, har det lett for å gli ut i berre dans. Uvedkommande danselystne vert dregne til og verkar som eit uromoment og gjer at laget kan koma i fare for å tapa si oppgåve som samlingstad for bygdefolk. Når ein les referata frå møta, kan ein av og til merka begge desse tendensane.

Heldigvis treng ikkje det eine stengja det andre ute. Talaren som har noko å bera fram, kan gjera det på ein lentug og skjemtsam måte. Lysbilete og film kan skapa farge og liv til ei reiseskildring. Og jamvel alvorsmannen som er sterkt oppteken av sosiale problem, kan verka interessevekkjande og ha stor appell, ikkje minst til ungdommen.

På den andre sida kan lettare innslag, som nissen på ein elles høgtideleg juletrefest, verka positivt og gje ei velkommen avveksling. Og like eins kan tilskipingar med lettare program, som julegildet i 1938, vera verdfulle, fordi dei løyser ut livsgleda og skaper hugnad og samkjensle.

Etter desse meir allmenne synsmåtane skal vi sjå litt på talarlista i laget i desse åra. Det var fire talarar som tevla om fyrsteplassen og kom år etter år. Og det var nettopp slike vi har nemnt ovanfor. Fyrsteplassen tok *Wilhelm Waage* frå Tysnes, som mange vil kjenna som ein ordhag og morosam radiokåsør, med sju talar. Han tala m. a. om «Folk med diktartrong, men utan diktargivnad», og las eigne dikt som døme på dette og om «Originalitet — eller måten å ordleggja seg på». Dei gamle var flinke, sa han, med ein rikdom på ord og vendingar, no var det meir klisjévorne uttrykksmåtar.

Som nummer to på lista, med seks talar, finn ein ein ikkje mindre kjend mann, den mangeårige ordføraren i Fitjar, Peder Nilsen Aga, kjend frå talrike innlegg i Bergens- og lokalpressa om dei mest ulike emne. Ein av talane hadde som emne: «Sunnhordland i gamal og ny tid», ein ypparleg tale, framført på ein lun og koseleg måte, der han kom inn på mange sider ved Sunnhordland, soge, natur og folkelynne. Han konkluderte med at vi skulle halda på det positive i den gamle kulturen, men og ta etter det beste i den nye.

Tredje- og fjerdemannen på lista, med fem talar kvar, er landskapsfotograf *Adriansen* og lærar *Torodd Bolseth*. Den fyrste er ein gammal kjenning i Sunnhordlendingen. Han viste lysbilete frå og kåserte om mange naturfagre bygder og stader frå Sunnhordland til Nord-Noreg, ein god kåsør og ein meister som fotograf.

Fjerdemannen, Torodd Bolseth, heldt talar av eit heilt anna slag enn dei tre andre. Som mangeårig medlem av Bergens barnevernsnemnd hadde han fått god kjennskap til ei av livets skuggesider, ungdom som kjem på skråplanet. Foredraga hans verka sterkt. «De trenger hjelp, få dem med i et ungdomslag og rekk dem en hånd. Det er kanskje det eneste som kan hjelpe dem.» I alle dei åra han hadde vore med i barne-

vernsarbeidet i Bergen, sa han, hadde han ikkje møtt ein einaste lagsmedlem blant dei unge lovbrytarane.

Utanom desse fire var det ei rad med andre ikkje-lagsfolk som heldt eitt eller to foredrag. Vi skal nemna nokre av dei: Forfattaren *Ragnvald Våge:* to foredrag. Forfattar og ordførar i Tysnes *Johs. Heggland:* ein festtale, ein prolog og eit foredrag. Lækjar *Inger Haldorsen:* Når bør ein gifta seg? eit alltid aktuelt emne. *Ragnar Ulstein,* den kjende bokskrivaren: Englandsfarten frå Sunnhordland (særleg frå Bremnes og Bømlo) i den siste krigen. *Per Lønning,* fjernsynsmannen: Tusen og ei natt — og Tunis. Han kunne godt tenkja seg å læra tunesarane å dyrka poteter under plast, sa han. Tidlegare ordførar i Sveio, *Styrk Fjærtoft:* Samferdsel og kraftutbygging i Sunnhordland. Lærar og ordførar i Etne *Trygve Vinje:* Historiske hendingar og minnesmerke i Etnebygdene. *Rektor Rydland* og *M. Eldøy:* Sunnhordland folkemuseum, foredrag og lysbilete. Og endeleg heldt lektor *Lægreid,* på eit sammøte mellom Sunnhordlendingen og Gymnasiastmållaget, foredrag om ein så omstridd institusjon som Forsøksgymnaset i Oslo.

I tillegg til dette kjem så all den talarverksemda som lagsmedlemmene sjølv dreiv: kåseri, talar, foredrag. Det var mykje av det. Særleg hadde reiseskildringar med lysbilete og film frå inn- og utland ein brei plass.

Av talarlista vil ein sjå at emne med tilknyting til Sunnhordland hadde ein sentral plass også i denne tidbolken, som rett og rimeleg er i dette laget.

Arbeidet i laget ellers

Den gamle tradisjonen med ein meir høgtideleg juletrefest i januar heldt seg i mange år framover. Frå 1960 heldt laget denne festen i lag med Nordhordlendingen. Men frå 1964 vart det heilt slutt med juletrefest. I staden vart det eit meir uformelt julemøte i desember med kaffi og kaker og ein svingom til slutt. Vonleg kan ein ikkje av dette slutta at medlemmene er større syndarar no enn før. Den tradisjonelle haustfesten kom og etter kvart bort. I staden vart det fleire kosemøte med kaffi og anna hygge. Særleg vart dette tilfelle då laget frå 1966 fekk nytta Fensal ved sida av Gimle som møtestad. Det vart halde to møte for månaden, eit i Gimle og eit i Fensal. Det i Gimle med lettare program med tanke på at mange ville koma, medan det i Fensal vart lagt opp som hyggemøte av meir intim karakter, men ofte med godt program. Møta i Fensal drog ikkje mykje folk, 20—30 menneske, men folk lika seg på møta dei par åra denne skipnaden har vart.

Eigenlege fest-tilskipingar kom det stort sett til å bli berre ved høgtidelege høve, når ein skulle høgtida eit jubileum, når velfortente lagsmenn eller andre skulle ærast, eller når ein sunnhordlending hadde gjort ei bragd som det stod ry av landet over. Vi skal fortelja litt om slike festar.

Den 14. mars 1959 heldt Sunnhordlendingen 40-års jubileum på Symra, bortimot 50, særleg inbedne, var til stades. Lærar Leif Tungesvik var feststyrar. Magnus Hardeland las ein velskriven prolog. Ole Sæbø tala om lagsarbeidet i hans noko dramatiske formannstid og bad formannen, Erling Hornenes, avduka den nye fana for Sunnhordlendingen, måla av Magnus Hardeland. På blå botn stod namnet Sunnhordlendin-

gen over eit fint måla motiv: ei fure, med sjø og sunnhordske fjell i bakgrunnen. Festtalar var Ragnvald Vaage som tala om framvoksteren av det norske. Han nemnde Wergelands store arbeid i den lei og sa: «No sit Arnulf Øverland i Grotten, i Wergeland sitt hus, og dirigerer motstanden mot alt som er norsk. Når Henrik ikkje har banka i veggen til denne karen, skal ingen heretter få meg til å tru på skrymt.» Sørfonden, som no var 85 år, gav eit levande oversyn over laget si soge på sin logne og morosame måte. Etterpå var det eit friare og hyggeleg samvære til kl. 3, mest som i den fyrste tida.

Den 10. november 1960 vart det skipa til eit festmøte saman med Nordhordlendingen under mottoet «For fulle segl». Bakgrunnen var ei kappsigling som hadde gått for seg sommaren 1960 mellom seglskip frå mange land frå Ferder til Ostende. Heilt uventa vann «Statsraad Lehmkuhl» denne seilasten i si klasse. Kaptein Eivind Ottesen frå Stord førte skipet, og det var då til ære for han at festen vart halden. Scenen i Gimle var tilstelt med segl og fokker, taljer og tønner, alt for å illustrera ein siglande bark. Per Ivarsøy var vakthavande styrmann og presenterte kapteinen som no var landskjend vorten. Hordakoret song friske songar, og Johs. Heggland, diktaren, las ein prolog. Kaptein Ottesen tok så til orde og sa: «Det er ikkje så lett for meg å overta etter at Johannes Heggland har tolka sine ord. Han pløyer så djupt han, eg får halda med til overflata eg.» Og så fortalde han om den spanande ferda, i kuling og stille, dag etter dag, til dei sigrande kunne sigla inn på hamna i Ostende, medan «Sørlandet» med premiane om bord enno låg og baska ute i Nordsjøen. Han var «ein forteljar av det lune og koselege slaget» og hausta mykje fagning.

Den 31. oktober 1961 var det festmøte i Gimle til ære for Sørfonden, fordi han hadde gjort opptaket til å reisa eit Håkonarminne på Fitjar og vore formann i den nemnda som greidde å få det reist. Salen var fylt av eldre og yngre medlemmer som ville gjere ære på han. Han hadde for sitt arbeid i denne saka fått Kongens fortenestmedalje i gull. Ordførar Peder Nilsen Aga, sambygdingen til Sørfonden, heldt festtalen og sa: «Når det regner på presten, så dryp det på klokkaren». Sørfonden var presten, og Fitjar var klokkaren. Sørfonden, den utflytte fitjarbuen, hadde med si store og lysande livsgjerning gjort ære på si heimbygd.

Den 11. januar 1964 var det 90-årsfest for Sørfonden på Scala. Vert var Per Ivarsøy. Mange tidlegare formenn helsa og hylla han. Magnus

Hardeland hadde måla eit bilete av han som vart avduka av Petter Ersvær. Frå laget og tidlegare formenn fekk han ei tinnkrus i gåve. Og så heldt overlærar B. Sørfonden sin siste tale i Sunnhordlendingen og takka for den æra som var vist han. Han døydde hausten same året.

Det siste av festmøta var vigd direktør Konrad Lunde ved Valen sjukehus som no gjekk av som direktør. Det vart halde den 22. mars 1966 med Hjalmar Tvedt som feststyrar og hadde eit rikt program med hardingfelespel, prolog, song av Hordakoret, framsyning av leikarringen, opplesing av den dugande lesaren lærar Konrad Klaussen og fleire talar. Lunde hylla sunnhordlendingen for hans innsats i humanistisk arbeid, og Magnus Hardeland rosa Konrad Lunde for det arbeidet han hadde gjort for sinnslidande her i landet og gav han ein flott vase som gåve frå laget.

SAMARBEID MED ANDRE LAG

Vi har tidlegare omtala det samarbeidet Sunnhordlendingen hadde med andre lag og samskipnader før og særleg etter krigen. Dette samarbeidet heldt fram i denne tidbolken og auka i omfang. Det gjeld Gular og Vestlandske Blindeforbund som har hatt sin faste programkveldar og fått inntektene av møta. Vestlandsavdelinga av FN har og vore ein stadig gjest i laget med foredrag og film. Elles har dei andre bygdelaga i byen ofte vore på gjesting: Bondeungdomslaget med leikarring, spelstykke og lettare program, Nordhordlendingen med leikarring og spelstykke, Sognelaget med spelstykke, Sunnfjordlaget med spelstykke. Nytt var det at ein del nye lag i og utanfor byen kom med i programverksemda: amatørgruppene ved B.M.V., Sporveien og Arna Fabrikkar med sketsjar, song, musikk og anna tidtrøyte; elevar frå Stend Jordbrukskule, Fana Folkehøgskule, Hordaland Gymnas og lærarskulen med spelstykke og lettare program; Tysnes ungdomslag, Hauer u. l., Åsane u. l., Fyllingsdal u. l. med spelstykke og revy.

Sams for alt dette var at det var tidtrøyte av det lettare slaget, men ikkje mindre hyggeleg for det. To framsyningar lyfte seg opp i større høgder. Det var B.U.L. med «Godvakker-Maren» av Oscar Braaten, som får karakteristikken «framifrå», og den andre var to einaktarar «Sjøens menn» og «Taterbryllaup», av den irske forfattaren Synge,

framsynte av elevar frå lærarskulen, «noko av det beste som har vore synt fram i Sunnhordlendingen dei siste åra».

Laget har heile denne tidbolken vore medlem av Hordaland Ungdomslag og Noregs Ungdomslag og har sendt representantar til årsmøta. Fleire gonger har det kome opp framlegg om å melda laget ut med den grunngjeving at ein har så lite att for å stå som medlem. Men til denne tid har det ikkje ført til noko brigde.

SÆRLAGA

Sunnhordlendingen har no mange særlag: Leikarring, spellag, skyttarlag, saumarlag, studienemnd, turnemnd, fotogruppe og er medlem av Hordakoret. Alle har vore verksame desse siste åra, meir eller mindre aktivt. Nokre av desse er gamle i laget og har vore omtala før, andre som turnemnda, studienemnda, fotogruppa er av seinare dato.

Av særlaga er det saumarlaget som har den eldste og mest ærerike tradisjonen. Vi har før fortalt om den store innsatsen laget gjorde i 1920-åra med å hjelpa tuberkuløse i Sunnhordland. Også i desse siste åra har laget gjort eit godt arbeid med å sy og strikka ting til tre marknader Sunnhordlendingen heldt i Gimle.

Leikarringen har hatt leikskeid med opphald innimellom, men har drive aktivt dei tre-fire siste åra med Hjalmar Tvedt som instruktør.

Sams for alle ovannemnde laga er at dei utanom særlagsverksemda har hatt særskilde programkveldar i moderlaget til glede både for dei sjølv og andre. Særleg har Hordakoret vore aktivt i så måte. Så å seia årvisst, og ofte fleire gonger for året, har dette koret vore med og skapt hygge i laget med sine friske songar.

Denne sida av særlagsverksemda med å laga program for lagsmøta har den store verdien at mange vert med som elles ville ha vore passive. Ei tilsvarande positiv verksemd er gute- og jentekveldar og bygdekveldar, som det har vore fleire av. Vi kan nemna frå 1962: Tysnes-kveld, Skånevik-kveld, Fitjar-kveld.

Hordakoret har elles drive ei anna verksemd alt frå det vart til. Det har vore å reisa rundt, kvart år i juni, ikkje berre i Sunnhordland, men og i Nordhordland og i Hardanger, og gje konsertar, og då gjerne saman med leikarringen til Nordhordnlendingen og spellaget til Sunnhordlendingen. Og dette fører oss over til

SPELLAGET

Underskrivne har til no halde seg utanfor hendingane i Sunnhordlendingen, som det sømer seg ein nøytral sogeskrivar. Men sidan mitt arbeid i Sunnhordlendingen var knytt til spellaget i nokså mange år frå 1949, særleg som instruktør, skal eg fortelja litt om mitt «teaterliv».

I 1957 var eg med og spela «Petter og Inger» i Fitjar på ein av Hordakor-turnéane. 40 år før, i 1917, hadde eg for fyrste gong vore med i eit spelstykke, også i Fitjar. «Petter og Inger» er det siste stykket eg har spela i. Så eg kan seia at tilfellet ville at der eg tok til som skodespelar, der slutta eg av, førti år seinare, og vart hylla med talar og gåver ved det høvet.

Det kan kanskje interessera nokre å høyra litt om den fyrste framsyninga. Vinteren 1916—17 gjekk eg på amtskulen i Fitjar. Skulen heldt til i det gamle kommunehuset som enno står, men som den gongen stod på andre sida av vegen. Vi rigga opp ein scene i eit av klasseroma på den måten som den gongen var vanleg så å seia over heila landet: Nokre langbenker vart sette ved sida av einannan, og tvers over dei spikra vi fjøler. Stykket vi spela, var «Dei kvinnfolka» av Oscar Braaten, eit stykke som Sunnhordlendingen ein gong i 1960-åra spela i Skånevik. Berge Årbø, lærar og seinare ordførar i Fitjar, var instruktør; og av dei som var med og spela, kan vi nemna: Johannes Hageberg frå Fitjar, seinare lærar; Harald Sunde, seinare lensmann i Tysnes; Olai Kaastad frå Tysnes, seinare lækjar, sist i Bergen. Alle desse er borte no og er gått over i historia. Like eins er det med ein del av publikum. For alle gjæve folk i Fitjar var innbedne til festen. Det var presten Fleischer, seinare biskop i Bjørgvin; ordførar Lars Rydland; lensmann Jeremiassen og gamle klokkar Moe, som heldt ein tale og sa at vi kunne prisa oss lukkelege som hadde så gjæve folk i blant oss som presten og lensmannen. Og det kunne han saktens ha rett i. Framsyninga var knapt av dei store i vår teatersoge. Men likevel sa den alltid elskverdige presten Fleischer til oss etterpå: «Dere var fikse.»

Og dette var det gamle Fitjar med smale, søylete vegar, utan bilar, med hestar og kjerrer, med gammaldagse krambuer og sjøbuer langs stranda, mest utan ein motorbåt, med ein armada av robåtar som kvar kyrkjesøndag kom roande innover Fitjarvika frå Fodno og andre øyar. Det og er gått over i historia.

Frå amtskulen kom eg til Voss Landsgymnas. Der var eg med i eit par stykke. Eit av dei var det sterkt dramatiske «Utan Hovding» av Vetle Vislie. Det skildrar eit bondeopprør i Telemark på 1500-talet, som vart slått ned med hard og blodig hand, og mykje av dette går for seg på scenen. Vi måtte ha ein liten hær av bønder og tysk-danske lanseknektar, og gamle våpen og elles anna utstyr fekk vi låna frå Finneloftet, som då var museum på Voss. Av dei som var med, kan eg nemna den seinare kjende teaterhistorikaren Olav Dalgard. Han var bondehovding, og det var også lækjar i Bergen, Salve Solheim. Mi oppgåve var å spela den danske adelsmannen, Claus Bilde, som slo opprøret ned. Eg fekk beskjed av instruktøren, lektor Eggen, at eg skulle tala pæredansk med støyttonar og slikt. Etter ein god del øving fekk eg dette til så nokolunde. Men korleis skulle eg, ein atten-årig bondegut utan større livskunnskap, kunna spela ein adelsmann frå renessansetida? Eg streva og streva med rolla utan å få det til. Men så fekk eg sjå ei framsyning på Den Nationale Scene som gjorde eit umåteleg sterkt inntrykk på meg. Det var Schiller's Maria Stuart. Denne framsyninga kan ein elles sjå bilete av på Teatermuséet i Manufakturhuset i Bergen. Det slo meg at adelsmennene ved dronning Elisabeths hoff måtte vera av same slaget som Claus Bilde: riddarlege og uriddarlege på same tid, byrge, sjølvkjære og nådelause, men alltid med ein viss eleganse i måten å te seg på. Då dette gjekk opp for meg, tok rolla til å leva, og eg kom etter måten heiderleg frå oppgåva, så vidt eg veit. Det er ein grunnregel at så sant det er føresetnader for det, anten ein er amatør eller profesjonell, må ei rolle ha indre liv, som ein skapar seg på eit eller anna vis gjennom kunnskapar og fantasi. Utan det blir spelet utvortes og daudt.

Dette stykket kom i tankane mine då Sørfonden ein gong i 1950-åra kom til meg med eit stykke av liknande slag som han ville ha Sunnhordlendingen til å spela på ei tilstelling i Fitjar. Han arbeidde då med å skaffa pengar til Håkonarminnet. Det var skrive av rektor Severin Eskeland og handla om slaget på Fitjar, der Håkon den gode fall. Stykket var litt uhistorisk, men elles godt, og skrive med friskt humør og stor innlevingsevne. Diverre såg eg meg ikkje syn med å få det framført med dei troppar vi rådde over. Men kanskje det kan vera ei framtidsoppgåve for laget.

I Bondeungdomslaget i Oslo var eg med i eit par stykke, m. a. i «Petter og Inger» med Alfred Maurstad som instruktør. Han var ung

og nygift skodespelar på Det norske teatret då, og var ein uvanleg frisk og levande instruktør med sterk sans for dramatiske poeng. Og så hadde han fela med og spela til songane. Han var elles velkjend i ytre Sunnhordland, sa han, då han i sine unge dagar hadde fare der som handelsreisande.

Men det var fyrst då eg kom som lektor til Orkdal Landsgymnas i Sør-Trøndelag i 1933, at det vart speling i større målestokk. Dei hadde der den tradisjonen at det var ein haustfest og ein vårfest skipa til av skulen, og det var fast regel at det skulle vera eit skodespel på begge festane der både lærarar og elevar skulle vera med. Den dynamiske og fargerike rektoren vår, Asbjørn Øverås, sette mykje inn på at det skulle vera liv og fest på skulen. I 1933 hadde han sett seg føre at vi skulle spela Jonas Lie, sidan det var hundre år sidan han var fødd. Og mi fyrste oppgåve var då å spela ei rolle i eit stykke av han: «Lystige koner». Jonas Lie er ein dugande og menneskeleg romanforfattar, men han er ingen teatermann, han er omstendeleg og går i breidda i staden for i lengda som teatret krev, og vert difor sjeldan og aldri spela no.

Vi skar dei lengste replikkane ned til halvparten, og då vart det flyt i spelet, og vi kom tolleg bra frå oppgåva.

Dette var starten. Seinare vart det mange stykke som eg ikkje skal gå i detaljar om her. Det var klassikarar som Holberg, Bjørnson, Ibsen, Bernard Shaw, Ivar Aasen, og lettare ting som Jan Anders og Lars Anders, revyar og anna slikt. Det meste av dette var eg også instruktør for, endå eg ikkje kan seia eg har særlege gåver i den lei, eg er dårleg til å sminka meg og har ikkje særleg sans for kulisser og anna utstyr. Det som særleg interesserer meg, er replikkar, personar og samspelet dei imellom. Men det er kanskje også det viktigaste.

Det var med denne bakgrunnen eg kom med i spellaget i Sunnhordlendingen i 1949, og fekk der mange oppgåver, særleg som instruktør. Vi vart straks eit fast lag av teaterinteresserte som spela med i stykke etter stykke. Dei mest trufaste var Tordis Malmanger, Lars Holmedal og særleg Per Ivarsøy som i seinare år også har fungert som instruktør. Det var litt vanskeleg å finna øvingsrom. I mange år heldt vi til i ymse klasserom på Katedralskulen, men fyrst i 1960-åra fekk laget eige lagsrom som var brukande som øvingsrom. Vi spela fleire av dei stykka eg hadde vore med i før og såleis kjende til: «Ervingen», «Petter og Inger», «Dei

kvinnfolka», «Den kjære avlidne» (eit engelsk stykke), dessutan «Notabasen» av Olav Hoprekstad.

To gonger var laget med i tevlingar bygdelaga imellom, skipa til av Bygdelagsnemnda og Vestmannalaget. Fyrste gongen, i 1951, var det loddtrekking mellom stykke av om lag same vanskegrad, middels lette stykke. Men det er vanskeleg å få det heilt likt. Vårt lag trekte «På Listøl», eit seter-romantisk stykke av Sigurd Vikør, med lang tradisjon i norsk teatersoge. Stykket er friskt og morosamt med gode replikkar, men som ein av domsmennene sa etterpå: det var det vanskelegaste stykket, av di skodespelarane skulle syngja, og skodespelkunst og songarevne går ikkje alltid saman. Bondeungdomslaget vann tevlinga, og med rette. Men Sunnhordlendingen fekk diplom for si «gode framsyning».

Ti år seinare, i 1961, var det ny tevling. Denne gongen var også Vossalaget med. Vossingane spela eit utanlandsk krigsstykke, «Seks kameratar», på vossamål og leverte eit ypparleg spel og vann tevlinga i hard konkurranse med Sunnfjordlaget som spela «Isflå» av Artur Klæbo, også ei fin framsyning. Spellaget vart denne gongen stelte fritt og kunne spela kva stykke dei ville utan særskilde krav til innhald. Dette førte til at Sunnhordlendingen møtte opp med ein lettvektar, «No brenn det» av Harald Smith-Norvik, med den vanlege grannekrangelen og tilsvarande kjærleikskonflikt. Spelet var mykje betre enn stykket fortente, skreiv Bergens Tidende. Folk lo og hygde seg, skreiv Gula Tidend. Men det var full semje om at det var tynne saker. Og vi er samde. Men vi hadde ikkje noko val den gongen om vi ville vera med.

Slike tevlingar burde skipast til oftare. Det fører til sunn kappelyst laga imellom, og det er få ting som er meir skikka til å skapa fest og farge og liv over lagsarbeidet enn dette.

Det er sagt at mange av dei stykka som vert framsynte i spellaga, er for gammaldagse, at dei speglar av eit samfunn som ikkje er til lenger. Noko er det i dette. Men ein skal hugsa på at dei beste av dei eldre stykka, dei såkalla klassikarane, kan drøfta problem som enno ikkje er løyste. Det gjeld t. d. «Ervingen». Eller dei peikar på grunndrifter i mennesket, som æresykje, trongen til sosial posisjon og dei skadeverknader slike sjukdomar kan føra med seg, «Petter og Inger». Difor vil dei beste av dei eldre stykka alltid ha noko å gje. Men samfunnsutviklinga går vidare med aukande fart og skaper nye problem. Og to av dei siste stykka Sunnhordlendingen har synt fram, tek opp slike problem. Det fyrste er «Når stor-

industrien kjem til Kvinnherad», framsynt i 1964 i Gimle og på Tysnes. Det er ei nordlandsdame, Margot Lea, busett i Kvinnherad, som har skrive det. Det er eit talentfullt arbeid, ei fantasirik blanding av komedie, revy og farse, med strålande humør, men og med ein litt tragisk undertone i skildringa av bondesamfunnet som er truga av spekulasjonsfeber og undergang. Det andre er «Garden» av den kjende høgskulemannen Sturla Brørs. Det er byen som et seg utover og krev tomter, og den gamle ættegarden kjem i faresona. Dette stykket vart spela i 1966 i Gimle og på Stord. Det er alvorlegare i tonen enn det fyrste, men eit godt stykke.

Det er å vona at spellaget vil halda fram med arbeidet sitt i komande år på ein ærerik måte.

HYTTA

Sunnhordlendingen har no hytte på Kvamskogen. Tidlegare formann i laget, Petter Ersvær, har vore med i arbeidet med å skaffa denne utferdsstaden. Og vi skal la han fortelja:

«Utferdstaden «Sunnabu» som omfattar ei triveleg hytte på 50 m² og tomt på 1 mål, ligg sentralt til på Kvamskogen. Hytta er no utstyrt med elektrisk lys, på kjøkkenet er det propangass kokeapparat og elles er der overnattingsplass for mellom 15 og 20 personar.

Det var på årsmøtet i 1953 at det først for alvor kom fart i planane om eigen utferdsstad. Styret gjorde framlegg om å løyva kr. 1000 til hyttefond, og dette vart samrøystes vedteke. Sidan gjekk det slag i slag. Fondet auka år for år, og spørsmålet som no melde seg var om hytta skulle liggja med sjøen eller på fjellet. Ei nemnd arbeidde med å finna ein høveleg stad utan at det lukkast. I 1961 var hyttefondet kome opp i vel 9000 kr. Tidleg på vinteren dette året fekk formannen høyre om ei hytte på Kvamskogen som var til sals for kr. 23 000. Saka vart drøfta i styret, og det var einigheit om å råda årsmøtet til å gå til kjøp så sant ein kunne ordna finansieringa. Det var ei viktig sak årsmøtet skulle ta avgjerd i, og ho vart drøfta grundig. Men vedtaket som vart gjort, om å kjøpa var einstemmig.

Å skaffa pengar gjekk også forholdsvis greitt. Ein fekk eit banklån på kr. 10 000 og medlemar teikna seg for partbrev på tilsaman kr. 3 300. Resten var eigenkapital.

Den 18. mars 1961 kunne ein så be saman til innviingsfest, den første fest Sunnhordlendingen kunne halda i eige hus. Så var det berre å vona at utferdsstaden måtte verta det han var tenkt til.

Ja, kva låg no eigentleg bak tanken om eigen utferdsstad? Først og fremst var det å få ein samlingsstad for sunnhordlendingane i Bergen når dei ville ut av byen. Men ikkje minst skulle det sveisa saman ein kameratflokk og dermed styrkja lagsarbeidet. Ingen ting er betre for kameratskapen og samhaldet enn hytte- og friluftsliv.

I dag står laget som eigar av eigedomen. Alle lån er attendebetalte, og mykje nytt utstyr er innkjøpt, slik at verdien no er monaleg større enn då eigedomen vart kjøpt. Mykje arbeid har også vorte utført på dugnad. Så som måling, ominnreiing og slike ting.

Bruken av hytta har vel vore om lag slik ein hadde venta det. Drifta har i alle fall vore rekningssvarande slik at ein har kunna nytta pengar til å gjera ho endå trivelegare. Og sunnhordlendingane set pris på dette høve til å koma opp i det vinterparadiset som Kvamskogen etter kvart har vorte.

Me tenkjer oss ein fin marssundag på Kvittingen med blanke solstrålar som glitrar i dei fløyelsmjuke snøskavlane nedover liene. Ein lever og ein andar med naturen, dette storslegne Guds skaparverk som etter kvart har opna bymann's augo for ei verd langt meir verdfull både for sinn og sjel, enn den han ser med stirring i si stove.

Helsebot er ordet som dekkjer dette.»

Og med dette endar vi soga om Sunnhordlendingen i femti år.

Bergen i februar 1969.

Anders Valvatne.